

Haukeliruta
Odda - Bø · 4. juli 2009
Sykkelgruppa i IL Skarphedin
Postboks 72, 3833 Bø i Telemark
www.skarphedin.no

Velkomen til den 29.
Haukeliruta på sykkel frå Odda til Bø
Laurdag 4. juli 2009

Start og mål

Start er ved Odda Ungdomsskole aust for Odda sentrum. Klasse utan tidtaking har start kl. 06.00, turklasse med tidtaking kl. 07.30. Mål er i Bø sentrum, med gangavstand til dusj og garderobe i Gullbring Kulturanlegg.

Påmelding

Startkontingent er kr 380 ved førehandspåmelding, som skjer på nettet her:
www.athletic.no.

Annan betaling bør avtalast per telefon eller epost. Etteranmelding direkte ved oppmøte i Odda fram til ein time før start, kr 600.

Lisens

Alle deltakarar må ha lisens. Eingongs turlisens kr 200, eller trimlisens kr 20, kan løysast ved henting av startnummer.

Transport til Odda

Transport av deltakarar og sykklar frå Bø til Odda fredag kl. 16.00 frå Bø Stasjon. Oppmøte seinast kl 15.00. Du bør ha bestilt og betalt på forhånd for å vera sikra plass. Transporten kostar kr 400 og kan betalast samtidig med kontingenten, eller ved oppmøte.

Kontakt

Spørsmål om påmelding: Erik Dybdahl , epost erik56d@gmail.com, tlf 415 63 007.

For andre spørsmål kontakt Audun Bjørnfeld, tlf 472 89 085, eller send e-post til sykkel@skarphedin.no

Rittkontor/Overnatting/Servering

Rittkontoret ved Odda Ungdomsskole er åpent fredag kveld mellom 19 og 22 for utlevering av startnummer. Her er sal av vaflar, smørbrød, saft og kaffe, og mogleg å overnatte rimeleg på medbrakt madrass/liggeunderlag.

Rittreglar

Rittet blir arrangert i samsvar med Norges Cykleforbund sine reglar for turritt. Moglege mørke tunnelar kan medføre ljospåbod.

Resultatliste

For informasjon om rittet, samt resultatlister, sjå www.skarphedin.no/sykkel/haukeliruta.

Løypetraséen

Etter starten går rittet langs Sandvinvatnet, før stigningane startar opp mot Låtefoss. Vidare forbi Steinaberg bru brattare og smalt inntil ein kjem ut på E134 frå Haugesund. Deretter opp Seljestad, utanom tunnelen, altså over Røldalsfjellet, og ned dei bratte og svingete Røldalsbrekkene. Saftstasjon i Røldal sentrum etter ca. 40 km. Vidare opp den bratte Austmannlia, litt mindre bratt opp mot og gjennom Svandalsflonattunnelen, så i lettare terreng fram til Dyrskar og løypas høgste punkt 1148 moh. Traséen går her utanom Haukelitunnelen på fast, men grovt dekke, og vegen er smal og svingete ned frå Dyrskar før ein kjem ut på hovudvegen att. Neste matstasjon ved inngangen til Vågslidunnelen etter ca. 80 km. Resten av vegen har godt dekke, og det kan gå svært fort ned mot Haukeli. I Grungedal er rittet halvkjørt, og det er kort veg til saftstasjonen ved Vinje samfunnshus. Nå ventar ei kort strekning med stigningar, men frå Bøgrend er det lett terreng fram til Åmot, ca. 80 km frå mål. Her startar det partiet som for mange kan bli det tyngste, om ein ikkje har spart krefter undervegs, nemleg Grønliheia. Etter nesten ei mil med motbakkar, går det lett ned til Seljord der det er mat og vafla ved Sjøormkroa. De siste tre mila går i småkupert terreng langs Seljordsvatnet og over Øvrebøsløttene til Bø.